MERKNADSSKJEMA - KOMMENTARER TIL MERKNADER,
**PLANOPPSTART**

| **Plannamn** | **Detaljregulering Mangervåg Kloakkrenseanlegg** |
|---|---|
| **Plan ID** | 12602017000600 |
| **Utarbeidet av** | Asplan Viak AS |
| **Datert/Revidert** | 29.09.2017 |

| **Nr** | **Avsendar** | **Hovudpunkt i merknad / uttale** | **Forslagsstillars kommentar** |
|---|---|---|---|
| 1 | Fylkesmannen i Hordaland | 1. Viser til generelle føresetnader og forventningar til arealpolitikken og krav til ROS-analyse og akseptkriter.<br>2. Konsekvensar for folkehelsa må vurderast i planarbeidet<br>3. Minner om at konsekvensar av reguleringsplanen skal vurderast etter naturmangfaldslova.<br>4. Mangerpollen er registrert som viktig naturtype, konsekvensar for naturtypen må vurderast og takast omsyn til i vidare planarbeid.<br>5. Opplyser at Manger – Skageneset er et viktig friluftsområde. | 1. ROS-analyse vil bli utarbeidd etter gjeldande regelverk<br>2. Vurdering av konsekvensar for folkehelse blir gjort som del av planarbeidet<br>3. Vurdering etter naturmangfaldslova vil bli gjort som del av planarbeidet<br>4. Konsekvensar av tiltaket vil bli utgreidd som del av planarbeidet.<br>5. Dette vil bli tatt omsyn til, og omtalt i planarbeidet |
| 2 | Fiskeridirektoratet | 1. Informerer om si rolle som rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga, og kor informasjon om kystnært fiske kan finnast.<br>2. Det er registrert fiskeområde sør for Mangersneset. Utslepp frå reinseanlegget bør ikkje være i eller like ved det registrerte fiskeområdet. | 1. Informasjon om kystnært fiske vil bli omtalt i planrapporten.<br>2. Forhold knytt til registrert fiskeområde vil bli utgreidd som del av planarbeidet. |
| 3 | Fiskarlaget Vest | 1. Det er ikkje registrert fiskeriinteresser i reguleringsområdet, men det blir vist til registrert fiskeområde ved Mangersnes (sjå over).<br>2. Planlagt tiltak, her under leidningar i sjø må ikkje være til hinder for fortsatt bruk av kommunal kai eller være til hinder for framtidig fiske.<br>3. Ber om at forureining frå området (tiltaket?) blir avgrensa | 1. Tatt til orientering<br>2. Tiltaket kan gi restriksjonar på bruk av kaien i anleggsfasen. Eventuelle leidningar i sjø vil bli lagt slik at dei ikkje skal være til hinder for fiske og ferdsel. I nødvendig grad vil dei bli merka i kart.<br>3. Utslepp frå reinseanlegget vil være innanfor gjeldande regelverk. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | | | Reinseanlegg vil i seg sjølv minske dagens utslepp. |
| 4 | Kystverket | 1. Kommunen har forvaltningsansvaret i planområdet.<br><br>2. Tiltak i sjø må ikkje komme i konflikt med vanleg og pårekneleg sjøtrafikk i området | 1. Tatt til orientering<br><br>2. Planlagt tiltak vil ikkje komme i konflikt med vanleg og pårekneleg sjøtrafikk i området. |
| 5 | Bergen og omland Havnevesen | 1. Planlagt tiltak må ikkje bli til hinder for alminnelig ferdsel til sjøs. Vidare blir det minna om at tiltak i sjøområdet krev løyve frå BOH etter hamnelovens §27, første ledd. Ber om at dette blir tatt inn i reguleringsføresegnene, og at søknad sendes i god tid før tiltak. | 1. Planlagt tiltak vil i liten grad være til hinder for allmenn ferdsel i området. Lovregulerte krav skal normalt ikkje takast inn i reguleringsføresegnene, innhald blir vurdert saman med kommunen |
| 6 | Statens Vegvesen | 1. Tilkomst til Mangervåg er via Fv. 410 frå Manger. Vegen er skuleveg, og manglar tilbod til mjuke trafikantar.<br><br>2. Det må utarbeidast ei trafikkanalyse som seier noko om forventa auka av trafikk, både i drifts- og anleggsperioden, kva type trafikk og kva innverknad det får på forholda på staden | 1. Informasjonen vil bli gjort greie for i planarbeidet.<br><br>2. Det vil bli utarbeidd ei enkel trafikkanalyse som omtaler dei forhold som er lista opp. |
| 7 | BKK | 1. Gir generell informasjon om sine anlegg nær planområdet, og korleis etablerte og eventuelt nye anlegg må ivaretakast i planprosessen | 1. BKK vil bli kontakta i planprosessen dersom det kjem fram forhold som tilseier at BKK sine anlegg blir råka, eller det er nødvendig med nye installasjonar som følgje av planen. |
| 8 | Mattilsynet | 1. Påpeikar at det i bygg lengst vest på kaien blir drive næringsverksemd med foredling av fiskerivarer, røyking av oppdrettsfisk og kvitfisk. Ber om at dei blir varsla om planoppstart.<br><br>2. Viktig at det planlagte tiltaket med offentleg kloakkreiseanlegg ikkje vert til ulempe for vidare næringsmiddelverksemd på Mangervåg industriområde. | 1. Tatt til orientering. Heimelshavar Manger Fiskeindustri AS er varsla. Radøy kommune vurderer om Bergen Røkeri og bør varslast. Verksemda ligg om lag 130 m frå planområdet.<br><br>2. Tiltaket vil gi mindre fare for forureining i høve til den situasjonen som er i dag. |

**Oppsummering:**
Merknadene er mottatt frå Radøy kommune i e-post mottatt 28.08.2017. Det er mottatt 8 merknader til oppstart, alle frå høyringsinstansar, ingen frå private grunneigarar.